



Møte i Styringsgruppa Idrettscampus Bergen

Dato: 12.04.18
Tid: 17:00-19:00
Stad: Fylkesbygget

Deltakarar:

Anne Gine Hestetun, Helge Johnsen, Eivind Lunde, Anne Sissel Faugstad, Gro Anita Fønnes Flaten, Pål Hafstad Thorsen, Oddrun Samdal, Britt Karen Spjeld, Knut Songve, Torhild Næss Vedeler, Frida Mathisen, Morten Kristoffersen, Randi Marie Berntsen, Pia Mørk Andreassen (frå sak 10.6).

Forfall: Oddvar Jensen, Vibeke Johannesen, representant administrasjon Bergen Kommune.

Møteleiar: Anne Gine Hestetun

Saksliste:

- 10.1 Godkjenning av innkalling og saksliste
 - 10.2 Godkjenning av referat frå møtet 16.02.18
 - 10.3 Rekneskap
 - 10.4 Budsjett
 - 10.5 Status forankringsarbeid, status prosjekt og andre aktuelle oppdateringar
 - 10.6 Nye delprosjekt – prosjektmandat
 - 10.7 Ny nasjonal tverrdepartementell handlingsplan for auka fysisk aktivitet
 - 10.8 Strategi Idrettscampus Bergen
 - 10.9 Utval for framtidig organisering og finansiering
 - 10.10 Status i prosessar hjå dei ulike aktørane som påverkar arbeidet med Idrettscampus
 - 10.11 Møteplan
 - 10.12 Eventuelt
-

10.1 Godkjenning av innkalling og saksliste

Pål Hafstad Thorsen melder sak til eventuelt

Vedtak: Innkalling og saksliste godkjent

10.2 Godkjenning av referat frå møtet 16.02.18

Saksunderlag: Referat Styringsgruppemøte 16.02.18

Torhild Næss Vedeler spør om styret blei einig om ordning for nye prosjekt/revidering av prosjektmandat og justering i budsjet innnanfor rammebudsjet. Dette spørsmålet handsamast under sak 10.4.

Vedtak: Referat godkjent

10.3 Rekneskap

Saksunderlag: Budsjett og Rekneskap 2018 per 06.04.18

*Gjennomgang i møtet av dagleg leiar
Kommentarar til rekneskap:*

- Faktura er undervegs til Bergen Kommune og Hordaland Fylkeskommune for overføring av innvilga midlar.
- Dagleg leiar og rekneskapsfører jobbar for å finne ein rapport form som er informativ og oversiktleg når kostnadane i prosjekta begynner å komme.

Vedtak: Teke til etterretning

10.4 Budsjett

Saksunderlag: Budsjett og Rekneskap per 06.04 2018

Gjennomgang i møtet av dagleg leiar.

Kommentarar til budsjett:

- Post 2.2: Reisekostnader redusert med 50 000 kr frå sist styringsgruppemøte, midlar til å frakte aktuelle foredragshaldarar til Bergen ligg under denne posten.
- Post 3.8: Andre prosjekt/Uavklarte prosjekt/Katalysatorpengar har auka med tilsvarende 50 000 kr

Vedtak: For å utløyse midlar frå post 3.8 må nye/reviderte prosjektmandat eller søknad ligge til grunn og behandlast i arbeidsgruppa. Saker som går ut over rammebudsjett eller som ein ikkje kjem til einigheit om på administrasjonsnivå skal opp i styret.

10.5 Status forankringsarbeid, status prosjekt og andre aktuelle oppdateringar

Dagleg leiar og andre aktuelle prosjektleiarar gjekk gjennom status.

Godt i rute på forankringsarbeid – møte på Høgskulen på Vestlandet 4. mai. Innlegg på Kretstinget i Norheimsund 14.04.18 – der vil idrettspresident Tom Tvedt også vere tilstades.

Mykje bra skjer i prosjekta som har starta opp. 22.mars var ein innhaldsrik dag med innspelsmøte, møte med Gjensidigestiftelsen og debatt på Litteraturhuset på kvelden. Viktig å få på plass ei mediasak som fortel kva heile Idrettscampus Bergen er, og kva vi gjer. Sette satsinga på idrett i Hordaland på kartet no når regionane skal samanslåast, og plassering av idrett mellom dei to fylka skal avgjerast. Helst i Bergens Tidende. Andre aktuelle saker: Idrettscampus Bergen vil vere med på å gjere det mogleg å satse som toppidrettsutøvar i Bergen. Spele vidare på saken om Brannspelarar som fortel dei unge spelarane kva dei skal ha fokus på. Sak på «Hjelper det å hjelpe-prosjektet» Andre gode forslag: Idrettscampus på Norge Rundt, lage historie om eit barn i Knutepunktet på barnetv-serien Klart eg kan.

Viktig at å fordele kven som frontar Idrettscampus Bergen utad.

Dagleg leiar får støtte av kommunikasjonsavdeling i Helse Bergen og kommunikasjonsavdeling i Brann for å få på plass ei eller fleire gode saker på Idrettscampus Bergen.

Viktig å presisere at det skjer mykje bra i Idrettscampus Bergen også forutan om det som skjer i prosjekta. Nettverk utviklast, meir samhandling på tvers også utanom prosjekta, meir deling av nyttig informasjon og informasjonen når betre og raskare fram, auka kunnskap og betre tiltak. Studentar er, og kan bli ein svært viktig ressurs inn i Idrettscampus Bergen.

Styret ynskjer ei oversikt over kva konferansar eller liknande arena vi fortel om Idrettscampus Bergen, og kvar vi skal halde innlegg framover. Viktig at alle kan fungere som døropnarar og få Idrettscampus inn på så mange arena som mogleg slik at vi kan spreie det gode budskap. 22. august og Trond Mohn sitt friidrettsstemne kan vere ein slik arena.

Vedtak: Teke til etterretning.

10.6 Nye delprosjekt – prosjektmandat

Saksunderlag:

Prosjektmandat Styrke kroppsøvningsfaget og fysisk aktivitet i barnehage og skule.

Prosjektmandat Paraidrett frå breidde til topp

Prosjektmandat Gjere dei beste betre

Presentasjon av desse mandata v/Randi Marie Berntsen og Pia Mørk Andreassen.

Styrke kroppsøvningsfaget og fysisk aktivitet i barnehage og skule:

Informasjon frå møtet med Gjensidigestiftelsen den 22. mars. Positivt møte.

Gjensidigestiftelsen var imponert over drivkrafta og engasjementet i Idrettscampus Bergen.

Viktig at Idrettscampus Bergen no kan tydeleggjere satsingsområde/prosjekt der vi ynskjer å inngå eit samarbeid med Gjensidigestiftelsen, gjerne gjennom eit spleiselag med andre aktørar. I fht senter for fysisk aktiv læring så skal skular veljast ut i frå gitte kriteriar, og det skal spreiest over heile landet.

Gjere dei beste betre:

I tråd med NIF si satsing om å halde utøvarane heime lengst mogleg. Kan også gjer det attraktivt for trenarar å komme til Bergen, tiltrekk oss meir kompetanse. Har vi apparat nok til å ivareta dei utøvarane som kan etablere seg som toppidrettsutøvarar? Svaret er ja, mykje kompetanse både i UIB og HVL systemet. Dette prosjektet blir spissa mot dei aller beste. Forslag om å sette i gang eit toppidrettsprosjekt famnar breiare.

Vedtak: Styret godkjenner prosjektmandat «Styrke kroppsøvningsfaget og fysisk aktivitet i barnehage og skule», «Paraidrett frå breidde til topp» og «Gjere dei beste betre»

10.7 Ny nasjonal handlingsplan for auka fysisk aktivitet

Saksunderlag: Informasjon om ny nasjonal handlingsplan for auka fysisk aktivitet

Informasjon frå innspelsmøtet i Hordaland 22.03.18 ved dagleg leiar og Britt Karen Spjeld.

Vedtak: Dagleg leiar og arbeidsgruppa utarbeidar forslag til innspel til nasjonal tverrsektoriell plan for auka fysisk aktivitet og folkehelsemeldinga. Desse to innspela styrebehandlast per e-post før dei sendast inn.

10.8 Strategi Idrettscampus Bergen

Saksunderlag: Strategi Idrettscampus Bergen

Kvar er vi, og kvar skal vi?

Gjennomgang av Konsept 1 og Konsept 2 i strategien ved dagleg leiar.

Viktig å framleis ha godt trykk på innhald og nettverk. Under konsept 2 må ein ta stilling til eit anlegg. Pål Hafstad Thorsen informerte om status i prosess om anlegg i Nymarksområdet.

Vedtak: Styret avventar til rammevilkåra frå organisasjonsutvalet og finansutvalet er på plass. Med det som bakteppe vil styret rullere strategien.

10.9 Utval for framtidig organisering og finansiering

Det foreslåast at det vert sett ned eit utval som ser på framtidig organisering av Idrettscampus Bergen, og eit anna utval som ser på framtidige finansieringsmodellar. Det leggst opp til at kvar av desse utvala består av 3-5 deltakarar, der det sit representantar frå styret og representantar frå administrasjonen i begge.

Vedtak: Styret vedtek at organiseringsutvalet består av: Helge Johnsen (leiar) Randi Marie Berntsen, Torhild Næss Vedeler og representant frå Høgskulen på Vestlandet.

Styret vedtek at økonomiutvalet består av: Eivind Lunde (leiar), Randi Marie Berntsen, Pia Mørk Andreassen og representant frå Universitetet i Bergen.

10.10 Status i prosessar hjå dei ulike aktørane som påverkar arbeidet med Idrettscampus

Handsama undervegs i møtet i tilknytning dei andre sakene

10.11 Møteplan

Vedtak: Neste styringsgruppemøte i Idrettscampus Bergen vert 8. august 2018 på Media City Bergen

10.12 Eventuelt

Sak meldt inn under eventuelt vart handsama under sak 10.8.

Referent: Randi Marie Berntsen